



STORTINGET

Innst. 99 S

(2023–2024)

Innstilling til Stortinget
frå familie- og kulturkomiteen

Prop. 8 S (2023–2024)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2023 under Barne- og familiedepartementet (tilleggsøyving til det statlege barnevernet)

Til Stortinget

Samandrag

I proposisjonen legg Barne- og familiedepartementet (BFD) fram endringsforslag til statsbudsjettet for 2023.

Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

POST 1 DRIFTSUTGIFTER, *kan nyttast under post 22*

På posten er det venta meirutgifter på 60 mill. kroner til reguleringspremie i ei pensjonsordning for tidlegare tilsette i fylkeskommunen som Bufetat har ansvar for. I motsett retning trekkjer mindreutgifter grunna innsparingstiltak og betre utnytting av kapasiteten i statlege institusjonar enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. Det er vidare eit mindreforbruk på 10 mill. kroner til utprøving av tverrfagleg helsekartlegging av barn i barnevernet, fordi det har vist seg meir krevjande enn føresett å etablere nye kartleggingsteam.

Samla blir det føreslått å auke løyvinga på posten med 11 mill. kroner.

POST 22 KJØP AV PRIVATE BARNEVERNSTENESTER, *kan nyttast under post 1*

Auke i talet på barn med behov for tiltak i barnevernsinstitusjon og større behov hos barna enn tidlegare gir etaten meirutgifter til kjøp av private institusjonsplassar. Utgiftsauken kjem i form av fleire einskilde kjøp, fordi tilbodet og kapasiteten i dei statlege institusjonane og institusjonane Bufetat har rammeavtaler med, ikkje dekkjer behovet. Fleire einskilde kjøp fører, saman med større behov hos barna og færre tilbydarar i marknaden, òg til at prisane på tiltaka aukar samanlikna med vedtatt budsjett. I motsett retning trekkjer mindreutgifter på om lag 23 mill. kroner til satsinga på å auke talet på spesialiserte fosterheimar frå revidert nasjonalbudsjett. Det er planlagt for at løyvinga vil bli fullt ut nytta i 2024.

Samla blir det føreslått å auke løyvinga på posten med 371 mill. kroner.

Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet

POST 1 DIVERSE INNTEKTER

Inntektene på posten er i hovudsak tilfeldige inntekter, til dømes inntekter frå sal av driftsmidlar og kursinntekter. Sal av køyretøy har gitt meirinntekter i 2023 på 7 mill. kroner. BFD føreslår å auke inntektene på posten med 7 mill. kroner.

POST 60 KOMMUNALE EIGENDELAR

Inntektene på posten kjem frå kommunale eigenelar for tiltak i det statlege barnevernet. Sjølv om Bufdir no forventer fleire opphaldsdagar i det statlege bar-

nevernet, er det forventet reduserte inntekter fra kommunale eigendelar. Dette kjem mellom anna av at berekningane som ligg til grunn for gjeldande budsjett, har lagt til grunn for høge eigendelar frå tiltak som vart sett i gang siste kvartal 2022, men som vart betalt inn i første kvartal 2023. Det kjem òg av at kommunane betaler eigendelane for tiltak som blir sett i gang siste kvartal 2023 i 2024. BFD føreslår å redusere inntektene på posten med 11 mill. kroner.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åse Kristin Ask Bakke, Mona Nilsen og Torstein Tvedt Solberg, frå Høgre, Turid Kristensen og Tage Pettersen, frå Senterpartiet, Margrethe Haarr og Åslaug Sem-Jacobsen, frå Framstegspartiet, Sigbjørn Framnes, frå Sosialistisk Venstreparti, Kathy Lie, og frå Venstre, leiaren Grunde Almeland, viser til dei ulike føreslåtte justeringane i proposisjonen. Hovudgrepet i proposisjonen er den føreslåtte samla tilleggsføringa på 371 mill. kroner til kjøp av private barnevernstenester, nærmare bestemt kjøp av private institusjonsplassar. Komiteen merkar seg at departementet grunnjev tilleggsføringa med meirutgifter grunna både auken i talet på born med behov for tiltak i barnevernsinstitusjon og større behov hos born enn tidlegare.

Komiteen er opptatt av at alle born som har behov for det, får den hjelpa frå barnevernet som dei har krav på. Komiteen stiller seg bak framlegget til tilleggsføring til det statlege barnevernet.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre stiller seg bak tilleggsbevilgningen til barnevernet som det legges opp til i proposisjonen. Samtidig vil disse medlemmer vise til at den største andelen av tilleggsbevilgningen går til kjøp av private barnevernstjenester. Dette er åpenbart ikke i tråd med hva regjeringen selv har lagt opp til i sine siste budsjetter, der det totalt er bevilget 290 mill. kroner til å fase ut de private tilbyderne av barnevernstjenestene. Disse medlemmer minner også om at regjeringen sist sommer måtte invitere de samme private aktørene inn til en «dugnad» for å dekke etterspørselen etter fosterhjems- og barnevernsplasser.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at bakgrunnen for tilleggsbevilgningen til Bufetat er at det siden 2022 har vært en økning i antall barn som har behov for tiltak i barnevernsinstitusjon, at barna har større behov enn før, og at prisen på tiltak fra private leverandører har økt. Disse medlemmer viser til at situasjonen har

gitt et økt behov for å bruke private leverandører i forhold til hva som ble lagt til grunn i saldert budsjett for 2023. Dette skyldes blant annet at de statlige institusjonene over mange år ikke har hatt den nødvendige beredskapen, særlig i akutte saker og i tilbudet til barna med størst behov. Dette er årsaken til at regjeringen sørger for at Bufetat kan ivareta bistandsplikten på kort sikt, samtidig som de statlige institusjonene styrkes, slik at flere av barna med størst behov kan få et tilbud. Dette er i tråd med Stortingets behandling av Prop. 133 L (2020–2021), jf. Innst. 625 L (2020–2021). Arbeidet skal skje gradvis.

For disse medlemmer er det viktig at omstillingen sikrer at tilbudet til barna til enhver tid blir ivaretatt. Derfor vil det sammen med oppbygging av tilbud i offentlig og ideell regi fortsatt kunne være behov for andre private aktører i tiden fremover.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti mener det er riktig og viktig av regjeringen å sørge for at det er nok barnevernsplasser tilgjengelig, og stiller seg derfor bak forslaget i proposisjonen. Samtidig vil dette medlem påpeke at det er uheldig at barnevernstjenestene er underdimensjonert, og mener arbeidet med å fase ut kommersielle barnevernstjenester må intensiveres, og at det offentlige barnevernet må styrkes.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre merker seg at det i proposisjonen nevnes at det har vært mer krevende enn forutsett å etablere nye kartleggingsteam for helsekartlegging av barn i barnevernet. Regjeringen gjør ikke rede for hvorfor det har vært mer krevende, eller om det er gjort tilstrekkelig fra regjeringens side for å etablere disse kartleggingsteamene. Disse medlemmer mener at utsettelse av helsekartlegging er å svikte de barna som trenger en helhetlig helsekartlegging. Det er kjent at mange barn i barnevernet ikke får den medisinske og helsemessige oppfølgingen som de trenger, da barnevernet ikke har tilstrekkelig kunnskap om barnets helsebehov. Det er ikke tilfredsstillende at etableringen av nye kartleggingsteam blir utsatt.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at det anslåtte mindreforbruket for 2023 skyldes forsinkelser i etableringen av nye tverrfaglige kartleggingsteam. Forsinkelse skyldes at det har vist seg krevende å rekruttere tilstrekkelig personell til teamene. Dette gjelder særlig for spesialistkompetanse på helsesiden, som leger fra helseforetakene og psykologer med spesialkompetanse på barn og ungdom. Disse medlemmer viser videre til at dette skyldes dels en stor økning i antall henvisninger til psykisk helsevern for barn og unge og dels en knapphet på spesialistkompetanse. Resultatet er at det

tar lang tid å etablere operative team med tilstrekkelig tverrfaglig kompetanse, noe som igjen resulterer i at midlene ikke blir anvendt som planlagt.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I statsbudsjettet for 2023 vert det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
855		Statleg forvalting av barnevernet	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 22</i> , blir auka med frå kr 4 307 033 000 til kr 4 318 033 000	11 000 000
	22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 1</i> , blir auka med frå kr 2 972 496 000 til kr 3 343 496 000	371 000 000
Inntekter			
3855		Statleg forvalting av barnevernet	
	1	Diverse inntekter, blir auka med frå kr 3 392 000 til kr 10 392 000	7 000 000
	60	Kommunale eigendelar, blir redusert med frå kr 2 401 885 000 til kr 2 390 885 000	11 000 000

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 30. november 2023

Grunde Almeland

leiar og ordførar

